

ÅHEIM SKULE

Eleven i sentrum for trivsel og læring



**Informasjon til heimen om
Vurdering for læring**

Vurdering for læring er ei nasjonal satsing som Utdanningsdirektoratet gjennomfører på oppdrag frå Kunnskapsdepartementet. Satsinga starta i 2010, og frå 2016 kom Vanylven kommune med i den sjuande pulja.

Åheim skule har skuleåret 2016-17 teke del på samlingane arrangert av Utdanningsdirektoratet. Den nasjonale satsinga går over to år, men skulen vil prioritere satsinga vidare lokalt.

Internasjonale studiar syner at vurdering for læring er ein av dei mest effektive måtane å styrkje elevane sitt utbytte av opplæringa på og deira moglegheiter til å lære. Vurdering for læring kan vi forstå som ein måte å tenkje og handle på, som heile tida har elevane si læring som mål. Vurdering for læring handlar altså ikkje om spesielle teknikkar eller eit sett prosedyrar, og heller ikkje om skjema eller skriftleggjing, men om lærings- og vurderingskulturen på skulen.

Vurdering for læring legg opp til å støtte eleven i læringsarbeidet. Dette inneber m.a. tettare vurdering i undervisningssituasjonar. Undervegsvurderingar vert ofte gjeve i kvar enkelt time, periode; gjerne munnleg, men også skriftleg. Elevane skal vite kva dei skal lære og vite korleis dei kan nå måla som vert sett. Elevane skal også ha gode tilbakemeldingar og framovermeldingar. Eleven skal lære å bli bevisst si eiga læring slik at ho/han vert sjølvregulert i eigen læreprosess.




Opplæringslova – forskrift kap. 3

Arbeidet skal ta utgangspunkt i dei fire prinsippa for god undervegsvurdering som står i forskrift til opplæringslova:

Elevar og lærlingar lærer best når dei:

1. Forstår kva dei skal lære, og kva som er forventa av dei
2. Får tilbakemeldingar som fortel dei om kvaliteten på arbeidet eller prestasjonen
3. Får råd om korleis dei kan forbetre seg
4. Er involverte i eige læringsarbeid ved mellom anna å vurdere eige arbeid og utvikling



Lærarane ved Åheim skule har skuleåret 2016-17 fått ny kunnskap om vurderingsarbeid. Kunnskapsgrunnlaget er henta frå Udir.no sine sider der ein har hatt fokus på dei fire prinsippa for vurdering for læring.

<https://www.udir.no/laring-og-trivsel/vurdering/nasjonal-satsing/pulje-7/>

Vurdering for læring er ikkje noko nytt, men dei seinare åra er det lagt ned mykje forskingsarbeid i dette feltet fordi det har så stor betydning for elevane si læring.

Etter kvart som ein har tileigna seg ny kunnskap, har lærarane på Åheim skule «pussa støv» på gode, gamle vurderingsformer som er blitt praktisert lenge, eller praktisert nye vurderingsformer ut mot elevane.

Vurdering for læring er ein prosess som gjerne fører til ein annan måte å drive undervisninga på. Endringsprosessar er vanskelege å måle, men når elevane kan fortelje at dei har blitt meir bevisste på kva dei skal lære, korleis dei lærer og kva dei må gjere for å bli betre i faget, er skulen komen lagt i vurderingsarbeidet. Målet er at elevane skal bli sjølvregulerte i eiga læring.

Heimen kan hjelpe til i denne prosessen med å:

- Syne barnet at du har tru på han eller henne. Gje motivasjon og støtte til læringsarbeidet.
- Snakke positivt om skulen og dei andre elevane på skulen. Eit godt læringsmiljø fremjar læring.
- Følgje med på informasjon som vert sendt ut frå skulen på vekeplanane og i informasjonsskriv.
- Møte opp på foreldremøter og andre arrangement som skulen skipar til.
- Lese tilbakemeldingar og framovermeldingar som barnet ditt får frå skulen. Bruke desse til å støtte barnet ditt i vidare arbeid.
- Hjelp barnet ditt til å ha gode rutinar med leksene. Syne interesse for skularbeidet.
- Ta kontakt med skulen dersom du lurer på noko eller har tilbakemeldingar. Skulen er der for at barnet ditt skal lære mest mogleg, fagleg og sosialt.

VURDERING
FOR LÆRING

